

Får byggja 450 meter skogsveg

16.06.2010

Annlaug Rød på Rød i Uskedalen har no fått løyve av kommunen til å byggja 450 meter skogsveg, kalla Blomstervegen.

Eitt av vilkåra er at arbeidet skal vera avslutta innan 3 år frå dags dato, eit anna at massetak og skjeringar skal passast til i samsvar med normalar for landbruksveggar og eit tredje at fylkeskonservator skal varslast dersom det blir funne fornminne.

Kommunen slår fast at det ikkje ligg føre protestar og at naboar og gjenboarar er lovleg varsla. Avkøyrsløse til offentleg veg er ikkje aktuelt.